

Møteprotokoll

for møte i

Masfjorden Kyrkjelege Fellestråd

18.06. 2014

kl. 1615

Oppmøte ved Solheim kyrkje, Hosteland gravplass og fellestrådsrådet i Frøyset kyrkje, kyrkjelydssalen

Desse møtte:

Arne Riisnes
Ragnhild Skuggedal
Terje Myrvang
Lise Dyrhovden
Øyvind Kristoffersen
Britt E. Nørland
Knut F Sørheim

Egil Kvingedal måtte melda forfall i siste liten av personlege grunnar.

Frå administrasjonen møtte kyrkjevevjerje Svein Kvamsdal.

SAK NR:

SAKLISTE

13/14	Godkjenning av innkalling.
14/14	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet 18. mars 2014
15/14	Skriv og meldingar
16/14	Endring i fordeling av presteresursar i Nordhordland Prosti.
17/14	Rekneskap Masfjorden kyrkjelege fellestråd 2013
18/14	Oppsummering etter synfaring
19/14	Marit Nesse, søknad om permisjon
20/14	Mogelege andre saker

Underskrifter:

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka sine sider, som me har signert, er ført i samsvar med det som vart avgjort på møtet.

Sokneprest Knut Sørheim opna møtet med eit ord frå Bibelen og lyste velsigning over møtet.

SAK: MKF 13/14 GODKJENNING AV INNKALLING

Sakshandsamar: Svein Kvamsdal

Godkjent utan merknader.

SAK: MKF 14/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent slik den ligg føre.

SAK: MKF 15/14 SKRIV OG MELDINGAR

- 1. Lik og Likskap. NOU 2014:2. Svein**
Svein gav ei lita orientering om bakgrunnen for denne rapporten og kva som kan verta nytt, mellom anna vil kremasjon verta gratis i framtida, det vil verta ein felles periode for fri grav på 20 år for heile landet. Også dei som har festa grav ved sida av ektefelle vil få fri grav i 20 år når dei sjølve fell bort. Om gravferdsvanane skulle verta endra i Masfjorden slik at fleire vil velja kremasjon, er det mogeleg å anleggja urnelundar.
- 2. Arbeidsavtale, Johannes Lyngset. Svein**
Kyrkjeverje orienterte om tilsettinga av Johannes Lyngset som vikar for Anne Merethe. Han opplyste at Johannes vil ta på seg alle oppgåvene unnateke å spela i gravferder.
- 3. Midlar frå KA til stabstur. Svein**
Kyrkjeverje opplyste at ein tidlegare år ikkje hadde fullt ut hadde brukt dei avsette velferdsmidlane og at ein i år, sidan det ser ut til å verta siste fulle året Gunvor og Knut vil arbeida i Masfjorden, det er difor stemning for å bruka litt meir pengar og staben vil difor reisa ein tur til London. K.A. har løyvd eit tilskot på kr 7 500,00. Arne Riisnes meinte at det var viktig at eventuelle ekstra utgifter ikkje vil føra til f. eks. redusert kurstilbod, men kyrkjeverja forsikra han om at det ikkje ville verta tilfelle.
- 4. Gudstenester starten på andre halvår 2014. Knut**
Knut orienterte om gudstenester fram til 24. august. Han har sendt framlegget om gudstenester 2. halvår til prosten, men har ikkje fått tilbakemelding enno.
- 5. Høyring om kyrkjebygg. Svein**
Kyrkjeverje opplyste at det er ei høyring på gang som vil føra til revisjon av reglane for bruk av kyrkjene.
- 6. Brev frå Bisp om lydanlegg m. m. Solheim kyrkje. Svein**
Kyrkjeverje orienterte om brevet. Knut og Svein fekk i oppdrag å finna ei løysing på plassering av prosjektør og lerret

**SAK: MKF 16/14 ENDRING I FORDELING AV PRESTERESURSAR I
NORDHORDLAND PROSTI.**

Sakshandsamarar: Knut Sørheim

Bakgrunn: *Trude Brosvik har teke initiativ til at kyrkjevevjerjane i Solund, Gulen og Masfjorden tek kontakt med bispedømerådet om eit møte med biskopen for om mogeleg å få til ei betring av situasjonen. Ein kladd av dette brevet er lagt ved slik at fellesrådet kan gje si tilslutning eller koma med innspel.*

Knut Sørheim har også engasjert seg sterkt i dette spørsmålet, han har laga 3 ulike modellar over det som kan verta ein realitet lenger fram i tid. I tillegg har han skrive ein refleksjon der han på ein veldig god måte argumenterer i mot reduksjon av presteresursane i regionen.

Vedtak: Fellesrådet gjev si tilslutning til brevet frå kyrkjevevjerjane i Gulen, Solund og Masfjorden, samt si fulle støtte til soknepresten sitt synspunkt om at bispedømet burde ha teke initiativ til eit møte med fellesrådet.

**SAK: MKF 17/14 REKNESKAP OG ÅRSMELDING MASFJORDEN
KYRKJELEGE FELLESRÅD.**

Sakshandsamarar: Arne Riisnes, Svein Kvamsdal

Bakgrunn: *Rekneskapen til Masfjorden kyrkjelege fellesråd viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk, (overskot) i driftsrekneskapen for 2013 på kr 330 653,19. Akkumulert mindreforbruk, (overskot) er pr. 31.12.2013 kr 398 154,04 og akkumulert underskot er kr. 201 048,98*

Dette skjedde i møtet: Representantane uttrykte glede over årsresultatet og slutta opp om kyrkjevevjerje sitt forslag til vedtak.

Vedtak: Akkumulert overskot vil verta nytta til å dekkja akkumulert underskot og den overskytande summen, kr 197 109,06, vert sett av til disposisjonsfondet.

SAK: MKF 18/14 OPPSUMMERING ETTER SYN FARING.

Sakshandsamar: Arne Riisnes

Bakgrunn: *På møtet i Masfjorden kyrkjelege fellesråd 21. januar i år vart det vedtatt å ta ein inspeksjonsrunde til alle kyrkjene og gravplassane i kommunen. I dag har fellesrådet inspisert Solheim kyrkje, Hosteland gravplass og Frøyset kyrkje for å sjå kva arbeidsoppgåver dei meiner må prioriterast. Solheim sokneråd har tidlegare gjeve kyrkjeverje ei prioriteringsliste over arbeid dei ønskjer å få gjort i løpet av sommaren.*

Kyrkjeverje har søkt Husbanken om rentekompensasjon på beløp stort kr. 350 000,00 som er innvilga, meininga er å få skifta ut dårleg kledning og vannbord, samt vasking, grunning måling av kledning.

Dette skjedde i møtet: **Solheim kyrkje:** Fellesrådet vil prioritera opprusting av Solheim kyrkje, **skifte av kledning isolasjon og måling**, noko må kanskje utsetjast til påfølgjande år. **Koparbeslag** på møne må verta installert, **vask og varmvasstank** må verta installert i gamle bårerom. **Sjuka bjørketrer** bør fjernast. **Elles bør alt arbeid som står att** etter tidlegare inspeksjon utførast.

Hosteland gravplass: **Følgjande arbeid bør verta utført i løpet av sommaren:** Nytt tak og kledning på klokketårn, grunning og måling. Vask, grunning og måling av gjerde. Ny singel i inngangsparti. Hogging eventuelt meir avskjering av greiner på trær ved porten.

Frøyset kyrkje: **Parkeringsplass og veg:** Bør verta asfaltert og parkeringsplassen må verta merka opp. **Heller på tak** som har dotte ned må erstattast.

SAK 19/14 MARIT NESSE, SØKNAD OM PERMISJON

Sakshandsamar: Arne Riisnes

Bakgrunn: *Marit Nesse har søkt om permisjon frå jobben som Barne og Ungdomsarbeidar frå 1. september. Ho vil då ha vore tilsett i rundt eitt år i 30 % stilling.*

Dette skjedde i møtet: Møtelyden meinte at det var uvanleg å gje permisjon etter relativt kort tid i stillinga, spesielt sidan permisjonen vil verta brukt til å byggja opp eiga næring. Det ville ha stilt seg annleis om permisjonen skulle brukast til å tileigna seg utdanning med relevans til arbeidet som barne og ungdomsarbeidar.

Vedtak: Masfjorden kyrkjelege fellesråd ynskjer ikkje å imøtekoma søknaden om permisjon frå Marit Nesse.

SAK 20/14

MOGELEGE ANDRE SAKER

Ingen